

Hausten 2012

Dato: 30. november 2012

Skuleeksamen

Emne: KUN1002 – Biletkunst og arkitektur frå barokk til samtid

Tal på timar: 2

Oppgåvesettet er på 2 sider + 9 sider biletmaterial

Eksamensoppgåva består av to delar. Del 1, et essay og del 2, kunnskapsspørsmål.

Del 1. Essay – svar på eit av 3 spørsmål. (tilrådd tid for essayet ca. 5 timer)

**Anten
Oppgåve 1**

Gjer greie for ekspresjonistiske tendensar i europeisk biletkunst mot slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet.

**Eller
Oppgåve 2**

Caravaggio hadde mange kritikarar i samtida, men også mange som beundra verka hans. Drøft stilen hans, arbeidsmetode og motiv i bileta og gjer greie for korleis han påverka den europeiske kunsten på 1600-talet med vekt på hollandske og flamske malarar. (vedlagt biletmaterial kan brukast i svaret)

**Eller
Oppgåve 3**

Gjer greie for forskjellige fasar i realismen på 1800-talet. (vedlagt biletmateriale kan brukast i svaret)



Del 2, Kunnskapsspørsmål:**Svar på 3 av 7 (estimert tid per oppgave ca. 1 time)**

1. Gjer kort greie for konseptet "ready made".
2. Kva meinast med overgangen frå det automatiske til det autografiske i den abstrakte ekspresjonismen?
3. I den vesterlandske kulturkretsen kommer klassisismen stadig til syne gjennom arkitekturhistoria. Kor vart dei opphavlege forbilda henta? Gjer vidare greie for trekk som er typiske for ein klassisistisk bygning.
4. Vel eit verk av Karl Friedrich Schinkel. Plasser det geografisk og i tidsperiode. Beskriv vidare bygningens fasade og plasser bygningen i stilkategori.
5. Karakteriser typiske trekk ved Adolf Loos' hus og interiør.
6. Gjer greie for nokre sentrale idear ved Le Corbusiers villa-arkitektur på 1920-talet.
7. Karakteriser typiske trekk ved Mies van der Rohes Villa Tugendhat (1928-30) og Den tyske Paviljongen i Barcelona (1928-29).